Utskriftsdato: 16.09.2025

Kvinnherad kommune

**Adresse:** Rådhuset, 5470 ROSENDAL

**Telefon:** 53 48 31 00

# Kommunale gebyrer 2025

| EM §6-7 | Oppdragstakerens undersøkelses- og opplysningsplikt | Kilde: Kvinnherad kommune |
|---|---|---|

| **Kommunenr.** | 4617 | **Gårdsnr.** | 185 | **Bruksnr.** | 186 | **Festenr.** | | **Seksjonsnr.** | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Adresse** | Eikelyvegen 31, 5451 VALEN | | | | | | | | |

## Kommunale gebyrer fakturert på eiendommen i 2024

Kommunale gebyrer er en kombinasjon av forskudd, abonnement og enkeltgebyrer fakturert etter levert tjeneste. Vi kjenner ikke samlet gebyr for en eiendom for et år før året er omme. Denne rapporten sammenstiller dette for fjoråret, med summer fordelt per fagområde. Tjenestene vil normalt ha en prisøkning hvert år, samt at forbruk på ulike tjenester kan variere fra år til år.

| **Gebyr** | **Fakturert beløp i 2024** |
|---|---:|
| Avløp | 6 609,52 kr |
| Vann | 8 415,77 kr |

**FORBEHOLD VED UTLEVERING AV INFORMASJON I FORBINDELSE MED EIENDOMSFORESPØRSLER:**

Det tas forbehold om riktigheten eller fullstendigheten av opplysningene i dette dokumentet. Det kan ikke rettes krav som følge av at disse opplysningene benyttes som grunnlag for beslutninger.

Kvinnherad kommune
**Adresse:** Rådhuset, 5470 ROSENDAL
**Telefon:** 53 48 31 00

Utskriftsdato: 16.09.2025

# Vann og avløp med informasjon om vannmåler

EM §6-7 Oppdragstakerens undersøkelses- og opplysningsplikt Kilde: Kvinnherad kommune

| **Kommunenr.** | 4617 | **Gårdsnr.** | 185 | **Bruksnr.** | 186 | **Festenr.** | | **Seksjonsnr.** | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Adresse** | Eikelyvegen 31, 5451 VALEN | | | | | | | | |

## Informasjon om vann/avløp registrert på eiendommen

| Målernummer | Stand | Dato | Avlesningstype | Forbruk 2024 |
|---|---|---|---|---|
| **26715179** | 196 | 24.11.2024 | Årsavlesning - Ekstern kilde | 165 |

| | |
|---|---|
| **Offentlig vann** | Ja |
| **Offentlig avløp** | Ja |

**FORBEHOLD VED UTLEVERING AV INFORMASJON I FORBINDELSE MED EIENDOMSFORESPØRSLER:**

Det tas forbehold om riktigheten eller fullstendigheten av opplysningene i dette dokumentet. Det kan ikke rettes krav som følge av at disse opplysningene benyttes som grunnlag for beslutninger.

# Informasjon om renovasjon- og slamgebyr for:

| Knr: | Gnr | Bnr | Fnr: | Snr | Bygningsnr: | Referanse: |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 4617 | 185 | 186 | 0 | 0 | 0 | |

Kunde
178829
Skarveland Rune

Eikelyvegen 31
5451 VALEN

Eiendoms adresse:
Eikelyvegen 31

5451 VALEN

| Dunknr | Vare | | % andel. | Antal | årspris eks.mva. | Kundens årspris i % eks. mva. |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 700 | Abonnentgebyr Hus | 100,00% | 1 | kr 1 040,00 | kr 1 040,00 |
| 308817 | B1 | Bioavfall 140l | 100,00% | 1 | kr 395,00 | kr 395,00 |
| 685696 | G1 | Glas Og Metall 140l | 100,00% | 1 | kr 195,00 | kr 195,00 |
| 151541 | P1 | Papiravfall 140l | 100,00% | 1 | kr 210,00 | kr 210,00 |
| 42506 | R1 | Restavfall 140l | 100,00% | 1 | kr 650,00 | kr 650,00 |

**Sum Totalt eks. m.v.a. : kr 2 490,00**

**m.v.a. 25%: kr 622,50**

**Sum Totalt ink. m.v.a. : kr 3 112,50**

Beløpet blir fakturert i 2 terminar

2024 - Eit standardabonnement i Kvinnherad kommune består av: Grunngebyr, 140 l bio-, 140 l papir-, 140 l restavfallsdunk og 140 L glas/metall dunk og kostar kr. 3 112,00 per år. Årleg gebyr for slamavskiljar hus kr. 920,00.

## Ubetalte rekningar:

| Fakt.nr. | Fakt. dato | Fakt. beløp | Fakt. rest beløp | Forfallsdato | KID | Ant. purringer/Status |
|---|---|---|---|---|---|---|

Dato utskriven: 19.09.2025

SIM
Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS
Svartasmoget N-5419 Fitjar
telefon 53 45 78 50
telefaks 53 45 78 60
e-post sim@sim.as
www.sim.as

Utskriftsdato: 16.09.2025

# Vegstatuskart for eiendom 4617 - 185/186//




*Det tas forbehold om riktigheten eller fullstendigheten av opplysningene i dette dokumentet. Det kan ikke rettes krav som følge av at disse opplysningene benyttes som grunnlag for beslutninger*

KVINNHERAD
KOMMUNE
Seksjon forvaltning

Rune Skarveland
Pb. 94

5451 VALEN

| Saksbehandlar | Tlf. direkte innval | Vår ref. | Dykkar ref. | Dato |
|---|---|---|---|---|
| **Jon Harald Kjærland** | **900 26 923** | **2015/3345-4** | | **09.07.2019** |

# Ferdigattest – delegert vedtak

| | |
|---|---|
| Tiltak: | Nybygg; Garasje m/etasjeplan. |
| Gnr/bnr: | 185/186 |
| Byggestad/adresse: | Eikelyvegen 31, 5451 Valen |
| Tiltakshavar: | Handeland Gard AS, Handeland, 5452 Sandvoll |
| Ansvarleg søkjar: | Prosjekt Konsult Kvinnherad AS, 5460Husnes. |
| Matrikkel: | BRA= 212 m2 H01=108 m2 U01= 104 m2 |

Igangsetjingløyve gitt: 22.12.2015 Vedtaksnr.: 2015/607

**Delegert vedtaksnr.: 2019/341**
**Vedtak**
Ferdigattesten er gitt i samsvar med pbl § 21-10 etter førespurnad journalført 21.01.2019.

- Den framlagte dokumentasjonen stadfestar at alle krav og vilkår som er stilte i løyva og som følgjer av gjeldande vilkår, er dokumenterte og oppfylte.
- Garasjebyggets hovedplan viser minikjøkken og toalett. Garasje er tilknytt kommunalt vatn og kloakk.
- Den kontrollansvarlege har sytt for avsluttande gjennomgang av kontrolldokumentasjonen for det ferdige tiltaket.
- Ferdigattesten gjeld for tiltaket slik det er skildra i igangsetjingsløyvet>. Bygning eller deler av denne må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet gjer høve til. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. PBL § 20-3.

Denne ferdigattesten er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28 og pbl § 1-9.
Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

*For kommunedirektøren i Kvinnherad*

Jon Harald Kjærland
*Sakshandsamar*

**Kopi til:**
Ansvarleg søkjar
Tiltakshavar
Referatsak forvaltningskomiteen
Matrikkelen
Sektor for teknikk og miljø

**Kvinnherad kommune**

**Postadresse:** Rosendalsvegen 10, 5470 Rosendal

**Telefon:** 53 48 31 00

**E-post:** post@kvinnherad.kommune no

Utskriftsdato 18.09.2025

# Restansar og legalpant

| EM §6-7 | Oppdragstakerens undersøkelses- og opplysningsplikt | Kilde: Kvinnherad kommune |
|---|---|---|

| **Kommunenr.** | 4617 | **Gårdsnr.** | 185 | **Bruksnr.** | 186 | **Festenr.** | | **Seksjonsnr.** | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Adresse:** | Eikelyvegen 31, 5451 VALEN | | | | | | | | |

## Restansar og legalpant registrert på eigedommen

Utestående fordringar som kviler på eigedommen:

| | |
|---|---|
| Det er ingen hefter på eigedommen. | ☒ |
| Eigedommen har ein restanse på kommunale avgifter med | kr .........,- |
| Burettslaget må kontaktas for desse opplysningane. | ☐ |

Beløpet er eksklusiv eventuelle morarenter. Ta kontakt med oss når oppgjørsdato er satt slik at vi kan beregne skyldig beløp inklusiv morarenter.

**ATTERHALD VED UTLEVERING AV INFORMASJON I SAMBAND MED EIGEDOMSFØRESPURNADER:**

Det vert teke atterhald om at det kan vera avvik i kommunen sine registre i forhold til den faktiske situasjonen, og at det kan vera forhold kring eigedom og bygninger som kommunen ikkje er kjent med. Kommunen kan ikkje verta stillt økonomisk ansvarlig for bruk av informasjon som vert oppgitt i samanheng med førespurnader kring bygg og eigedom.

KVINNHERAD
KOMMUNE
Seksjon forvaltning

Handeland Gard As
Handeland

5452 SANDVOLL

| Saksbehandlar | Tlf. direkte innval | Vår ref. | Dykkar ref. | Dato |
|---|---|---|---|---|
| **Jon Harald Kjærland** | **900 26 923** | **2014/2862-10** | | **21.02.2019** |

# Ferdigattest – delegert vedtak

| | |
|---|---|
| Tiltak: | Bruksendring og rehabilitering frå sjukehus til einebustad. Montering av glastak over inngang til hovedhus. Rive uthus og byggja det nytt. |
| Gnr/bnr: | 185/186 |
| Byggestad/adresse: | Eikelyvn. 31, 5451 Valen |
| Tiltakshavar: | Handeland Gard AS, Handeland, 5452 Sandvoll |
| Ansvarleg søkjar: | Prosjekt Konsult Kvinnherad AS, Husnes. |
| Matrikkel: | Hovedhus: BYA = 304 m2<br>BRA= 562 m2 H01= 200 m2 H02= 189 m2 K01= 173 m2<br>Uthus: BYA = 52 m2 BRA = 59 m2 H01= 46 m2 L01= 13 m2 |

Igangsetjingløyve gitt: 01.02.2018 Vedtaksnr.:2018/40

**Delegert vedtaksnr.: 2019/95**
**Vedtak:**
Ferdigattesten er gitt i samsvar med pbl § 21-10 etter førespurnad journalført 21.01.2019.

- Den framlagte dokumentasjonen stadfestar at alle krav og vilkår som er stilte i løyva og som følgjer av gjeldande vilkår, er dokumenterte og oppfylte.
- Oppvarming i bustaden er basert på gass.
- Einebustaden er tilknytt kommunal vatn og kommunal kloakk.
- Den kontrollansvarlege har sytt for avsluttande gjennomgang av kontrolldokumentasjonen for det ferdige tiltaket.
- Ferdigattesten gjeld for tiltaket slik det er skildra i igangsetjingsløyvet. Bygning eller deler av denne må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet gjer høve til. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. PBL § 20-3.

Denne ferdigattesten er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28 og pbl § 1-9.
Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

*For rådmannen i Kvinnherad*

Jon Harald Kjærland
*Sakshandsamar*

**Kopi til:**
Ansvarleg søkjar
Referatsak forvaltningskomiteen
Matrikkelen
Sektor for teknikk og miljø




Plan



Fasade mot vest




Snitt



Fasade mot sør

Prosjekt Konsult Kornberud AS
Rådgivende Ing. Byggeteknikk
postboks 107, 5480 Husnes.

- DOKUMENTASJONSTEGNING
- ARBEIDSTEGNING
- ANBUDSTEGNING
- ANMELDELSESTEGNING
- FORPROSJEKT
- FORELØPIG TEGNING

Handeland Gard AS.

Garasje Ekely.

Plan, fasader og snitt.

RK

**Kvinnherad kommune**
**Adresse** Rosendalsvegen 10, 5470
**Telefon**

Utskriftsdato: 18.09.2025

# Opplysningar til eigedomsmeklar

EM §6-7 Restansar og legalpant Kjelde: Kvinnherad kommune

## Gjeld eigedom

**Kommunenr.:** 4617 **Gardsnr.:** 185 **Bruksnr.:** 186
**Adresse:** Eikelyvegen 31, 5451 VALEN
**Referanse:** 12522

## Ubetalte gebyr og eigedomsskatt

Det finst ingen ubetalte gebyr eller skyldig eigedomsskatt.

## Inkasso/legalpant

Det finst ikkje inkassokrav/legalpant på eigedomen.

ATTERHALD VED UTLEVERING AV INFORMASJON I SAMBAND MED EIGEDOMSFØRESPURNADER

Vi tar atterhald om at det kan vere avvik i registra/karta/arkiva våre når det gjeld den faktiske situasjonen og at det kan liggje føre forhold omkring eigedom og bygningar som kommunen ikkje er kjend med. Dei som brukar informasjonen, må derfor vere medviten på samanheng og føremål som han blir nytta i, og bruke informasjonen kritisk.

Papirutskrifter frå det digitale kartverket kan innehalde liner som lett kan føre til misforståingar. Dette gjeld ofte karttema som leidningar og eigedomsgrenser som i mange tilfelle kan vere unøyaktige. Derfor må for eksempel ikkje gravearbeid på leidningar gjerast utan at leidningen i marka er påvist.

Kommunen kan ikkje stillast økonomisk ansvarleg for bruk av informasjon som blir oppgitt i samanheng med eigedomsførespurnader

**Prosjekt Konsult Kvinnherad AS**
**Rådgivende ing. Byggeteknikk.**
**Byggeledelse**

| | |
|---|---|
| Deres ref.: | Vår ref.: K.M.Teigen |
| Deres dato: | Vår dato: 14.10.2014. |

**Kvinnherad Kommune**
Rosendalsvegen 10
**5470 ROSENDAL**

# Søknad om omdisponering av «EKELY» fra Offentlig bruk til Bolig formål, Gnr. 185, Bnr. 186.

På vegne av Handeland Gard AS søker vi herved om å få omdisponere eiendommen «EKELY» Gnr. 185, Bnr. 186 fra offentlig bruk til privat boligformål.
Eiendommen er i kommunedelplan avsatt til offentlig formål, (se vedlagt kart).

Eiendommen ble kjøpt av Hordaland Fylkeskommune i 2013 og eier ønsker nå å renovere eksisterende bygning og bygge denne om til privat boligformål.

Bygningen på eiendommen er i verneklasse 2 og vi er i kontakt med Helse vest v/ Jone Ottar Erdal som er kontaktperson og en vil holde kontakt med de vedr. oppussing av huset.
Det er utført noen endringer på fasade på huset fra det var nytt og eier ønsker å tilbakeføre huset slik det opprinnelig var.

Kopi:

- Kart over eiendommen Gnr. 185, Bnr. 186, «EKELY». Målestokk 1:1000
- Kart som viser Kommunedelplan, Målestokk 1:3001
- Kopi av brev til Hordaland Fylkeskommune som er videresendt til Helse Vest v/ Jone Ottar Erdal. (m. tegninger og beskrivelse om bygningens historie)

Vi håper på en rask og positiv behandling av vår søknad.

Med vennlig hilsen

Knut M. Teigen.

Prosjekt Konsult Kvinnherad AS
*Knut Magnar Teigen*


EKELY
Ø 320000
Ø 320100
185/197
185/193
56
58
185/192
185/195
60
185/82
185/196
16
185/144
14
185/143
20
185/146
18
185/145
24
185/147
22
185/148
N 6636600
28
185/150
26
185/149
185/186
31
185/1
N 6636500
Sjoaren
Kvinnherad kommune
Grunnkart
Målestokk: 1:1 000
Dato 13.10.2014
30 m
Prosjekt Konsult
Kvinnherad AS
5460 HUSNES
Med forbehold om feil i kartgrunnlaget. Stiplet eiendomsgrense kan være beheftet med store feil
Kartopplysninger som kreves ved omsetning av eiendommer, skal bestilles skriftlig hos kommunen


EKELY
NFF
Kvinnherad kommune
Kommuneplanens arealdel
Målestokk: 1:3 001
Dato 13.10.2014
90 m
Med forbehold om feil i kartgrunnlaget. Stiplet eiendomsgrense kan være beheftet med store feil
Kartopplysninger som kreves ved omsetning av eiendommer, skal bestilles skriftlig hos kommunen
Prosjekt Konsult
Kvinnherad AS
5460 HUSNES
14/10.14

**Prosjekt Konsult Kvinnherad AS**
**Rådgivende ing. Byggeteknikk.**
**Byggeledelse**

Deres ref.: Vår ref.: K.M.Teigen

Deres dato: Vår dato: 05.12.2013.

**Hordaland Fylkeskommune**
Kulturavdelinga v/ Gunnbjørg Austrheim
Postboks 7900
**5020 BERGEN**

# RESTAURERING AV VERNA BYGGNING «Ekely».

På vegne av Handeland Gard AS har vi fått i oppdrag å se på rehabilitering av «Ekely» bygning på Gnr. 185, Bnr. 186 på Valen i Kvinnherad Kommune. De har kjøpt den tidligere tuberkulose - heimen som har vært en del av Valen Sykehus. Etter opplysninger vi har fått så er bygningen fredet utvendig.

Ny eier ønsker å restaurere bygget tilbake til opprinnelige tegninger.
Utvendige arbeider som følger, legge nytt tak med glasert takpanne, skifte bordkledning og nye vinduer og dører.
Innvendig ønsker ny eier å renovere hele bygget og bygge det om til bolig.

Vi ønsker med dette å ha en dialog med Dere og ønsker å vite hvilke føringer / krav som blir stilt til en slik restaurering? Er her noen materialkrav, krav til utførelse som ligger i Deres føringer?

Vi har tegnet opp bygningen på nytt i elektronisk utgave etter originaltegninger fra 11.08.1913.

Vedlegg:

- Fasadetegninger og Snitt
- Litt historikk om Ekely.

Vi håper på en rask og positiv tilbakemelding for å komme videre i vår planlegging med restaurering.

Med vennlig hilsen

Knut M. Teigen

Prosjekt Konsult Kvinnherad AS
*Knut Magnar Teigen*

| Prosjekt Konsult | Postadresse: | Kontor: | Telefon: | Telefaks: | E-mail: |
|---|---|---|---|---|---|
| Kvinnherad AS | Stabburshaugen 5 | Stabburshaugen 5 | 53 48 05 05 | 53 48 09 83 | kmt@pkonsult.no |
| Organisasjonsnr.: | 5460 HUSNES | HUSNES | | | |
| 982 939 151 | | | | | |



Fasade mot syd

| | |
|---|---|
| | DOKUMENTASJONSTEGNING |
| | ARBEIDSTEGNING |
| | ANBUDSTEGNING |
| | ANMELDELSESTEGNING |
| | FORPROSJEKT |
| | FORELØPIG TEGNING |

| | |
|---|---|
| Handeland Gard AS | A3 |
| Ekely. | |
| Fasade mot syd | RK |
| | 13-486-50 |



Fasade mot nord

DOKUMENTASJONSTEGNING
ARBEIDSTEGNING
ANBUDSTEGNING
ANMELDELSESTEGNING
FORPROSJEKT
FORELØPIG TEGNING

Handeland Gard AS

Ekely.

Fasade mot nord

A3

RK

13-486-51



Fasade mot øst

| | |
|---|---|
| | DOKUMENTASJONSTEGNING |
| | ARBEIDSTEGNING |
| | ANBUDSTEGNING |
| | ANMELDELSESTEGNING |
| | FORPROSJEKT |
| | FORELØPIG TEGNING |

| | | |
|---|---|---|
| Handeland Gard AS | A3 | |
| Ekely. | | |
| Fasade mot øst. | | RK |
| | | 13-485-52 |



Fasade mot vest

| | |
|---|---|
| | DOKUMENTASJONSTEGNING |
| | ARBEIDSTEGNING |
| | ANBUDSTEGNING |
| | ANMELDELSESTEGNING |
| | FORPROSJEKT |
| | FORELØPIG TEGNING |

| | |
|---|---|
| Handeland Gard AS | A1 |
| Ekely. | |
| Fasade mot vest. | BK |
| | 13-486-53 |




Snitt

| | |
|---|---|
| DOKUMENTASJONSTEGNING | |
| ARBEIDSTEGNING | |
| ANBUDSTEGNING | |
| ANMELDELSESTEGNING | |
| FORPROSJEKT | |
| FORELØPIG TEGNING | |
| Handeland Gard AS | A3 |
| Ekely. | RK |
| Snitt. | 13-486-40 |

## «Ekely», frå tuberkuloseheim til psykiatrisk behandlingsinstitusjon.



*Ekely tuberkuloseheim med kurhallen til høgre.*

Det er i år 90 år sidan amtstinget i Søndre Bergenhus Amt gjorde vedtak om at Ekely tuberkuloseheim skulle byggjast på Valen. Frå vedtaket i 1912, til bygget stod ferdig til innflytting, gjekk det nærare 3 år, men den 22. februar 1915 var det endelig klart for innflytting etter mange forsinkingar. På grunn av fyrste verdskrigen var forsyningssituasjonen blitt vanskeleg. Kraftverket på Valen, som var ei forutsetning for drifta, fekk mellom anna ikkje levert det nødvendige materiellet som skulle til for å få fram elektrisitetsforsyninga til den nye tuberkuloseheimen. Men etter mange vanskar stod ein våren 1915 klar til å ta imot tuberkulosesjuke frå heile Hordaland fylke til behandling på Ekely. Frå før hadde fylket Fagerli tuberkuloseheim i Fana, men dette var på langt nær nok til ivareta det stadig aukande behovet for behandlingsplassar. Sanatoriet i Luster i Sogn og Hagavik kysthospital skulle ivareta dei tyngre sjuke, men dei kommande åra skulle det syna seg å vera behov for stadig fleire plassar. I 19 år var Ekely tuberkuloseheim, ei drift som vart overført til Jonatunet i Jondal i 1934.

Ekely vart etter dette koloni under Valen asyl og fungerte dei fyrste åra som heim for psykriatiske pasientar som og hadde tuberkulose. Etter kvart som ein fekk tuberkuloseproblemet under kontroll, gjekk Ekely inn som ein eigen avdeling for psykriatisk pleie.

Tidleg i 1980-åra då ei nedbygging av Valen sjukehus var ein realitet, vart det på Ekely etablert eit prosjekt "Nye Ekely" som skulle ivareta rehabilitering av langtidspasientar ved

institusjon. Seinare vart avdelinga gjort om til habiliteringspost med formål å trena opp yngre pasientar til å møta kvardagen utanfor institusjonen.

Ekely framstår i dag som ein viktig del av Valen sjukehus med spesialkompetanse på nemnde område. Avdelinga er plassert utanfor sjølve sjukehuset i det naturfagre området i sjøkanten ved Nordre Valevågen og tener oppgåva si godt med ei tilbaketrekking frå det som minner mest om institusjon.

Huset har ei historie nærare hundre år tilbake og får i utforminga tankane leia til ei tid då arkitekturen kring bygging av institusjonar var sterkt knytt til estetikk. Namnet "Ekely", saman med plassering og utforming viser at tankane den gongen var sterke om at natur, estetikk og frisk luft var ei viktig forutsetning i behandlinga av dei sjuke. Tankar som godt kan førast vidare i ei ny tid.

## Tuberkulosen, den største folkesjukdomen på 18- og 1900-talet

Eit av dei største folkehelseproblema her i landet på slutten av 1800 talet og fyrste halvparten av 1900-talet var utan samanlikning tuberkulosen. Distriktslegane sine tal mot slutten av 1800-talet viste ei stor auking i antal tilfeller og omfanget av sjukdomen skapte stor uro i breie lag av folket då dødstala for dei som vart råka var stor.

I løpet av 1900-talet har meir enn 290.000 nordmenn døydd av tuberkulose, som lenge var folkesjukdom nummer ein her i landet. I 1925 vart det i alt meldt 5 202 dødsfall av sjukdomen. Sammanliknar ein perioden 1921-1925 med dei to førgåande femårsperiodane, var det likevel skjedd ein nedgang av tuberkulosedødsfall i alle fylka. Dette truleg som eit resultat av den satsinga som vart gjort for å møta utviklinga av sjukdomen.

Tuberkulose («tæring») vert framkalla av tuberkelbakterien Mycobacterium tuberculosis, og vart rekna for å vera den farlegste av alle smittsomme sjukdommar. Den blir spreidd gjennom nysing og hosting, og kan vera svært smittsam. Ein pasient kan smitta mellom 10 og 12 menneskjer i året. Inkubasjonstida er oftest frå ein til to månader. Lenge fanst det ikkje andre midlar mot tuberkulosen enn langvarige kuropphald og ulike omfattande lungeoperasjonar. Seinere gjekk ein over til å bruka antibiotika. Det vart og sett i gang omfattande vaksinasjonsprogram. Ei tid blei tuberkluosen nærast rekna som utrydda her i landet, men enno vert det faktisk diagnostisert nærare 300 tilfeller av tuberkulose i Norge pr. år. Eit stigande problem i dag er at det frå tid til annan dukkar opp tuberkelbakteriar som er motstandsdyktige mot antibiotika.

Spørsmålet om offentlege tiltak mot tuberkulosen vart fyrste gong diskutert på eit legemøte i Kristiania i 1887, men først i 1894 fikk overlege Klaus Hanssen og medisinaldirektør Michael Holmboe i oppdrag av regjeringa å utarbeida ei tuberkuloselov. Denne kom 8. mai 1900 og vart kalla "Lov angaaende særegne foranstaltninger mod tuberkuløse sygdomme". Denne lova tredde i kraft f.o.m. 01. januar 1901 og var den fyrste i sitt slag i verda.

Ved tuberkeloselova av 1900 vart fylket og kommunane pålagde nye utgifter for behandling av tuberkulosen. Staten kosta 40 % av kostnadene til

sjukehusopphald. Fylket skulle bera legekostnadane og 40% av utgiftene til opphald på sjukehus. Dei resterande 20% skulle dekkast av kommunane.

I 1905 vedtok amtstinget å avsetja midlar til oppføring av pleieheimar for "tæringssjuke". Og i 1908 vart det vedteke å bruka renteintektene frå "Fondet for nyttige formaal" og amtet sin andel av brennevinssamlaga sitt overskot til bygging av tuberkuloseheim ved Nestun i Fana. Heimen som vart kalla "Fagerlid", vart teken i bruk våren 1909. I indstillinga til amtstinget seier komiteen at dei fryktar for at det om ikkje lenge vil bli behov for fleire tuberkuloseheimar.

Og alt i 1912 etter mange nye forhandlingar vart det gjort vedtak at ein ny tuberkuloseheim skulle byggjast på Valen i Sunnhordland. Heimen som fekk namnet "Ekely" skulle byggjast i nærleiken til det allereide etablerte asylet på Valen. Her var det etablert nytt "sinnsjuke-asyl" for Hordaland som stod ferdig hausten 1910. Amtet/fylket hadde her gått til store investeringar og det vart no gjort eit poeng av at ein her kunne få til ei felles gevinst ved å leggja ein ny tuberkulosehein til samme staden. Særleg gjekk amtsmann Hroar Olsen inn for denne løysinga.

*I innstillinga frå amtmannen til amtstinget 1912 heiter det :*

"Det har været min forutsætning at der burde bygges et pleiehjem i Søndhordland og jeg antar, at det nye pleiehjem, som nu bør opføres, bør ligge der. Som passende sted har jeg tænkt mig asylgaarden Valen, idet der derved kan tænkes at opnaaes flere fordele baade for pleiehjemmet og asylet.

Paa Valen vil der være anledning til at faa elektrisk kraft til belysning og opvarming, samtidig som asylet herved skaffes en indtægt. Ved at la underlægen bli bestyrer av hjemmet vil man antagelig kunne paaregne en bedre tilgang paa ansøkere til underlægeposten. Antagelig vil der ogsaa bli anledning for hjemmet til hos asylet at faa indkjøpt forskjellige produkter for de samme en gros priser, som asylet betaler.

Valen er noksaa sentralt for de fleste bygder i Søndhordland. For tiden har det 4 dampskibsanløp om uken fra og til Bergen. Ogsaa i klimatisk henseende skulde jeg anta, at Valen vil kunne hevde sin plads i konkurrancen med de fleste andre bygder.

For pasienterne vil Valen vistnok heller ikke føles som avstengt og ensom. Naar hjemmet, som jeg har tenkt mig, lægges oppe i lien et stykke ovenfor indmarken bak gaardens bygninger og tilstrækkelig langt fra asylet, vil det faa en utmerket beliggenhet med vid utsigt utover og vendende mot syd. "

No vart det ikkje som amtmann Hroar Olsen tenkte seg med plasseringa av bygget. Bygginga vart rett nok vedteken, men huset vart bygd nærast i flomålet ved Nordre Valevågen på ei av dei finaste tomtane ein der kunne finna, og på ettervinteren 1915 stod endeleg "Ekely" ferdig til innflytting.




*Ekely var teikna av arkitekt Ole Landmark.*

*Frå avisa Sunnhordland den 14.12.1914 kan vi lesa om det nybygde Ekely:*

"Amtets nye tuberkulosehjem "Ekely" inde paa Valen i Fjelberg er nu fuldt færdig; men som følge av at de elektriske firmaer paa grund av krigen ikke kan skaffe det nødvendige materiel for at sette hjemmet i forbindelse med det til sindssykeasylet hørende store elektrisitetsværk, har det ikke endnu kunne opnes for patienter, og det vil antagelig heller ikke kunne motta nogen før næste aar engang. Det er særlig en elektrisk kabel det strander paa.

Hjemmet er bygget av trelastfirmaet B. H. Valvatne, Sagvaag, Stord, efter tegning av arkitekt Ole Landmark, og i fuld ferdig stand er det beregnet at ville koste kr 30.000. Hjemmet er beregnet paa 15 patienter – det høyeste antal, der kan tilsees av en sykepleierske.

Hjemmet er bygget av reisverk med 3" plankefyld. Mellem reisverket og den ytre bordkledning er det kledt med Sævareidpap, samtlige soveværelser og stuer er invendig trækket med strie og maskinpapir.

Bygningen bestaar av 3 etager, kjelleretage, en midtetage og en kvistetage. I kjelleretagen finder man for det første to større rom, hvorav det ene er tænkt som arbeidsrom for patienter. Det andet er foreløpig disponibelt. Dernest har man i samme etage matbod og vedbod, rulle og strygerum, vaskerum, isskap og flueskap, skiddentøirum potetebing m. v.

I første etage findes først 5 soveværelser 1 med 1 seng, 2 med 2 og 2 med 8 senge. Videre har man havestue med veranda, spisestue, kjøkken anretningsrum, spiskammer, bad,

toiletrum, W.C m.v.

I tredje etage eller kvistetagen finder man bestyrerens værelse, samt et pikeværelse og et disponibelt værelse, kontor og 2 soveværelser 1 med 2 senge og 1 med 5 senge, samt et tøirum og et magasinrum.

Malerarbeidet er utført av malermester A. Risan, Leirvik. Alle døre og vinduer samt alt listverk er hvidt og værelsene for øvrig er holdt i lyse farver, dog uten at værelserne herved har faat det traditionelle sygehuspræg, men tvert om virker trivelig og hjemlig. Alt i alt maa det antages at bygningen vil vise sig meget praktisk innredet, og at den efter omstendigheterne vil bli et unelig sted baade for patienter og betjening. "

## Tuberkuloseheimen Ekely 1915 – 1934

Den 22. februar 1915 vart Ekely opna som den andre tuberkuloseheimen i fylket. Frå før hadde ein Fagerlid i Fana.

Frå årsberetninga for Ekely kan vi etter det fyrste driftsåret lesa følgjande: " Fra 22 februar til 31 desember 1915 – har der på Ekely Tuberkulosehjem vært forpleiet 41 patienter med til sammen 4418 liggedage. Lengste forpleiningstid pr.pasient har vært 233 dage, korteste 14 dage; gjennomsnittlig falder 107,8 dage pr patient. Største belegg har været 20 patienter, minste 2 pasienter, daglig gjennomsnittsbelegg 14,1 pasienter. Tuberkulosehjemmet kan romme 21 pasienter med i nødsfall 3 ekstrasenge. "

Pasientane ved Ekely kom frå kommunar i heile Hordaland. I åpningsåret fordelte dei seg slik: "Aarstad 2, Askøen 2, Austreim 2, Bergen 3, Bruvik 1, Eidfjord 1, Fitjar 3, Fjelberg 4, Finnaas 2, Haalandsdalen 1, Hjelme 1, Hosanger 2, Jondal 1, Manger 2, Odda 6, Røldal 1, Skaanevik 2, Stord 1, Strandebarn, 2, Kvinnherred 1, Varaldsø 1."

For 1920 beretninga har antallet forpleia auka til 53. Beretninga kan og fortelja om eit tilfelle av skrofulose, som var ein frykta variant av tuberkulose : " Den mannlige patient som blev innlagt for skrofulose var en liten 1 ½ års gutt som måtte følge med sin tæringssyke mor. Tjenestefolkene rømte fra hjemmet, da de hørte om sykdommen. Gutten blev efter 7 dages ophold overflyttet til Hagevik kysthospital. "

Pasientane bar med seg spytteflasker, dette var eit påbod som dei var pålagd for å hindra dråpe-smitte. Frå almindelige bestemmelser ved sjukeheimen kan vi lesa : *"Den for enhver syg fornødne spytflaske bliver ligeledes at anskaffe for rekvirentens regning. "*

På sørsida av Ekely var det sett opp eit lite halvtekkja hus med levegger. Huset vart kalla kurhallen og var ein viktig del av behandlinga ved tuberkuloseheimen. Her fekk pasientane frisk luft og sol når tilhøva låg til rette for det. I samband med oppussing av Ekely i 1921, vart hallen forlengd med ein tredjedel og taket løfta, slik at ein no hadde plass til 16 pasientar til "kuring" ute. Kurhallen vart ved dette høve og delt i to, ein del for menn og ein for kvinner. Dei som var sengeliggjande på tuberkuloseheimen fekk dermed og bedre høve til å få frisk luft og sol. Det var ettertrakta for pasientane å få "kure" ute. Ved nedlegginga av tuberkuloseheimen vart kurhallen riven og seld.

I beretninga for 1922 vart det meldt om 12 pasientar døde ved Ekely, over halvparten av det samla talet på utskrevne pasientar. Dette skapte stor bekymring, ikkje minst for at dette kunne skada heimens renomé. "Befolkningen bør nemlig ikke få den opfatning at Ekely kun er et sted for opgitte patienter, ti derved stilles hjemmet i et falsk lys. Den eneste måte å rette herpå er at lægene sender patientene tidligst mulig i kur, og ikke som det har hendt et par ganger i året som gikk, nogen få uker før dødens intreden."



*Pasientar og personale ved Ekely truleg frå tidleg i 1920-åra. (Foto: Rovde)*

I beretning frå 1924 får vi høyra litt om kvardagen og om kva aktivitetar ein hadde ved Ekely: "Patientene har vært flittig beskjeftiget med håndarbeide og snekring, de har deltatt i opvask, tørking av støv, havestell, hønsestell, vedhugging m.m. Det siste halvår har således patienter hugget all den ved vi trenger. Den gamle båt som i sin tid blev foræret Ekely, måtte kasseres, og ny båt anskaffes. Den benyttes flittig om sommeren til små kaffe-, fiske- og seilturer. I juli måned fikk samtlige oppeværende pasienter en liten motorbåttur, likesom de en annen gang fikk reise på et sangerstevne til Stord. Pasienter og betjening holdt i desember basar på gjenstander som de for det meste selv hadde forarbeidet. Takket være sykepleierskenes interesse og iver samt folks velvilje fikk vi inn ca. 500 kroner som delvis ble benyttet til julegaver, delvis innsatt i bank for fremtidig bruk. "

Eikeskogen kring Ekely er naturleg på staden. Seinare er det planta gran, bøk og bjørk i lunden kring huset. På kvar side av trappa som fører ned frå gardsplassen på nedsida vart det ved etableringa av Ekely planta to valnøttre, eit av desse står framleis her. Huset er ellers omgjeven av ein flott hage som i hovudsak opp gjennom åra har vore skjøtta lokalt av pasientar og personale. Av dei mange grantrea som vart planta rundt Ekely ved etableringa,

står det i dag berre eit tre, ei stor kjempe ved nedkjørsla til huset. Det vart og etablert ein kjøkenhage der dei lenge var sjølvforsynt med grønsaker og poteter. Dei hadde og hønsehus og var sjølvforsynt med egg, eit godt bidrag i budsjettronge tider.



Med omsyn til naboane til Ekely var det stor redsle for smitte frå dei tuberkuløse. Pasientane hadde ymse grad av sjukdomen og mange av dei gjekk turar i området. Like ved Ekely låg Dampskips-ekspedisjonen på Valen. Her dreiv Haldor og Elise Ekeland butikk og bakeri. Pasientar frå Ekely var stundevis innom her og då vart det gjerne servert kaffi. Ein var då særs nøye med reinsemda og koking av koppar og kjerald som hadde vore i bruk av dei sjuke. Dei hadde her ei eiga panne som dei kalla "Ekelypanna" der kjeralda vart koka i opp til 20 minutt.

Kattar og hundar i området skulle ein heller ikkje pleia nært samband med, då desse ofte var kring dørane ved Ekely og dei vart då gjerne kjela med av dei sjuke. I det heile sette nok naboforholda med Ekely tilværet på ein prøve for bygdefolket, og stundom kunne nok dette få seg utslag i urimelege haldningar frå folk flest med omsyn til pasientane på Ekely. Dei fleste gjekk lengre omvegar for å ikkje treffa på desse som var på tuberkuloseheimen. Det var ei allmenn redsle for at ein skulle bli smitta av pasientane på sjukeheimen.

Når mange av pasientane gjekk fritt omkring var det nok vurdert som relativt ufarleg å omgå desse som var under behandling, når ein berre tok dei nødvendige forholdsreglane som gjaldt på ein slik stad. Pasientane kunne nok kjenna det som både uverdig og sårande når fordomar og haldningar gjorde at dei vart skydd som "pesten".

I det heile var fordommane store med omsyn til tuberkuloseheimen i nærområdet. I nabobygdene og litt meir perifert var haldningane kan henda endå mykje meir fordomsfulle. Både asylet på Valen og tuberkulose-heimen vart ofte sett på med gru og redsle. Ei historie som illustrerer dette godt, er då det vart gjort eit større sildekast på Valen og fangsten skulle omsetjast i nabobygdene. Ein kjøpar ville då ha sikre garantiar for at silda ikkje var fanga på Nordevågen som låg like ved tuberkulose-heimen Ekely.

Mange i nærområdet og bygdalaga kring vart og råka av "tæring". Det var då gjerne ungdomar som vart sjuke. Nokre familiar vart sers hart råka då tuberkulosen herja som verst i 1920-åra. Desse familiane vart og gjerne utsett for uforstandige fordommar og måtte bera med seg dette i mange år seinare.

Etter som åra gjekk på Ekely, kom det kring 1930 opp planar om påbygging og utvidingar av tuberkuloseheimen. Etter ein del tautrekking vart det i fylkestinget vedteke at ein ny tuberkuloseheim no skulle byggjast i Jondal og nytt vedtak i 1934 om at Ekely skulle leggjast ned. Det var mange som meinte at det ikkje var så heldig å ha både sinnsjukehuset og tuberkuloseheimen på samme staden. Saka enda med at pasientane ved Ekely skulle overførast til Jondal og bygget leggjast under "asylet" som det heitte den gongen.

